

Innspelskjema

Oppsummering

Innspel til temaplan

Planprogram for regional plan for areal og mobilitet

Innsendar

Eg sender inn på vegne av Organisasjon

Orgnr 965919627

Namn på verksemd STIFTINGA VESTLANDSFORSKING

Adresse Trolladalen 30

Postnummer/-stad 6856 SOGNDAL

Kontaktperson

Namn Halvor Dannevig

Telefon 97676397

E-post hda@vestforsk.no

Enhet i virksomheten Klima- og miljøgrupppa

Innspel

Generell merknad til planen

Det er positivt at Vestland fylkeskommune reduserer tal regionale planar og gjer plan- og styringssystemet meir oversiktleg og konsistent. Planprogram Regional plan for areal og mobilitet er plassert tydeleg i høve til Utviklingsplan for Vestland og den parallelle Regional plan for verdiskaping og kompetanse, og til saman ser dette ut til å bli eit godt rammeverk for plan- og styringssystemet i Vestland. Planprogrammet er oversiktleg og logisk oppbygd.

Dei to nye regionale planane skal m.a. erstatte den regionale klimaplanen. Vi oppmodar om at klima vert inkludert på overskriftnivå i den nye areal- og mobilitetsplanen, t.d som «regional plan for areal, klima og

mobilitet». Klima er eit overgripande tema med problemstillingar som ein ikkje intuitivt kan sjå vert dekt gjennom areal- og mobilitetsplanlegging aleine.

Vestlandforskning støttar at planprogrammet gjentek utviklingsplanen sitt berekraftsfokus og forankring i berekraftsmodellen til Stockholm Resilience Centre. Det er også av stor verdi at UFF-prinsippa er lagt til grunn. Vi meiner det er av stor verdi at det regionale plan- og styringssystemet så tydeleg peikar på at miljømessig berekraft er eit vilkår for sosial og økonomisk berekraft, og at natur- og klimakrisa fordrar ei ny arealforvaltning med naturen si tolegrense som utgangspunkt.

2. Plantema

2.2.3 For at det skal vere ein samanheng mellom overordna mål knytt til berekraft, klima og miljø og transportinfrastruktur, meiner vi at målsettingane her også bør inkludere korleis ein kan auke kollektivandelen og flytte transport frå veg til sjø og bane.

2.3.2 Regionalt utbyggingsmønster. Ei rad kommunar i Vestland har vist interesse for arealnøytralitet som planprinsipp. Vestland fylkeskommune bør ha som ambisjon å rettleie kommunar i deira forsøk på å innføre arealnøytralitet. Dette kan uttrykkast som eit slikt punkt under «planarbeidet skal» i kap. 2.3.2: «stimulere og rettleie kommunar til å innføre arealnøytralitet som planprinsipp».

2.3.3.4 I forskinga vår har vi fleire gongar peika på at kapasitetsmangel er ei av hovudutfordringane til kommunane i arbeidet med klimatilpassing. Vi har også peikt på styrka rettleiing og samordning frå fylkeskommunen som eit tiltak som kan bidra til å løyse denne utfordringa. Vi foreslår derfor at fylkeskommunen aukar fokuset på rettleiing og støtte til kommunanes klimatilpassingsarbeid.

Denne setninga i «planarbeidet ska”l-boksen er litt uklår: «utvikle retningslinjer for korleis kunnskap om naturfare, klimaendringar, klimarisiko og lokal sårbarheit kan bli ivareteke.» Om hensikten er å synleggjere behovet for å identifisere og nytte lokal kunnskap som kan bidra til klimatilpassing, høyrer vel dette punktet heime under både 4 Kunnskapsgrunnlag og 5 Planprosess?

3. Oppfølging av planen

Fylkeskommunen har ei viktig rolle som rettleiar for kommunane i deira arealplanlegging. Det hadde vore nyttig om planprogrammet streka opp viktige prinsipp for korleis Vestland fylkeskommune ønskjer å fylle denne rolla. Eit døme på korleis fylkeskommunen legg til rette for meir effektiv og berekraftig arealplanlegging i kommunane finn vi i utarbeiding av arealrekneskap for Vestland, og opplæring av kommunane i korleis dei kan bruke dette verktøyet. Dette grip også inn i punkt 4 om kunnskapsgrunnlag.

4. Kunnskapsgrunnlag og skildring av konsekvensar

Vi vil peike på nokre kunnskapskjelder som vi meiner er relevante og viktige for planarbeidet og som ikkje er omtalt som kjelder i utkastet:

Areal

Groven, K., Brendehaug, E., Gaarder, G., Selseng, T., Steinsvåg, K. M. F., Hessen, K., & Aall, C. (2024). Kunnskapsoppsummering om arealbruk, naturmangfald og økosystemtenester (VF-rapport 3-2024). <https://www.vestforsk.no/nn/publication/kunnskapsoppsummering-om-arealbruk-naturmangfald-og-okosystemtenester>

Brendehaug, E., Groven, K., Selseng, T., & Aall, C. (2021). Samspeleffektar i lokal miljø- og klimapolitikk. Synergjar og konflikthar ved tiltak for reduksjon av klimagassutslepp, varetaking av biologisk mangfald, klimatilpassing og energiomstilling (VF-rapport 4-2021).

Klimarisiko

Norsk Klimaservicesenter kjem med nye framskrivningar av klimaendringar for Noreg (Klima Norge 2100) no i haust.

Norsk Klimamonitor sine undersøkingar om klimarisiko og tilpassing: - Fylkesundersøking frå 2022 (<https://klimamonitor.no/analysar/klimatilpasning-blir-prioritert-p-fylkesniv>)

- Kommunerangering frå 2024 (<https://klimamonitor.no/analysar/kommunerangering-2024>)